

12:15 SYDNEY
12:25 SYDNEY
12:40 LOS ANGELES

BEGRÄFTNINGSLÖSEN



BEOGRADTRILOGIEN

AV BILJANA SRBLJANOVIC

Omsett av Ljubica Rajic og Ola E. Bø

Regi LARS ERIK HOLTER
Scenografi BÅRD LIE THORBJØRNSEN
Kostyme MIA RUNNINGEN
Dramaturg CECILIA ÖLVE CZKY
Lysdesign TERJE WOLMER
Regiassistent/
sufflør MARTHA ORTEN

Praha:
Kica Jovic ERLAND BAKKER
Mica Jovic ØYVIND GRAN
Alena INGRID JØRGENSEN

Sydney:
Sanja KIRSTI STUBØ
Milos JON EIVIND GULLORD
Kaca ANDREA BRÆIN HOVIG
Dule OLE JOHAN SKJELBRED-KNUDSEN

Los Angeles:
Jovan LASSE KOLSRUD
Mara IREN REPPEN
Daca BJØRNAR TEIGEN

Inspisient Victoria Aase/Hedda Rønneberg
Maske Thorild Bratten
Lyd Igor Zamarajev/Tore Gustavsen
Lysmeistrar Ole Randers/Edvard Breivik
Rekvisitør Helge Fykse
Scenemeistrar Herve Huck/ Andreas Zsidek
Kostymeadministrator Kirsten Høidahl

Foto: Espen Tollefsen
Forlag: Colombine Teaterforlag




Noregspremiere 26. april 2001 på Prøvesalen

Programredaksjon: Lars Erik Holter, Cecilia Ölveczky, Ida Michaelsen, Signe Bjørvik
Grafisk formgeving: Knut-Jarle Hvitmyhr

Trykk: Falch AS

NB Rana
Depotbiblioteket

PRAHA, 31.12



EIN SERBAR I OSLO

Oslo er ikkje ein by som ønskjer deg velkomen med opne armar. Det beste du kan få, er taus undring over at du har valt å kome hit. Og dét har eg. Eg har faktisk valt å kome hit. Har eg det? Kvifor har eg valt å kome akkurat hit? Eg trudde det var veldig vakkert her.

Det verste er det derre sarkastiske, smale blikket frå augekroken, akkompagnert av eit nedovervrent smil fullt av tenner. Nådelaust forskansar smilet seg i andletet og overartikulerer dei siste orda i setninga mi, eller heile setninga dersom den er kort: do sjånner? Ha, ha, ha, ha! Han ror seg feigt tilbake til det anstendige. Til og med i sarkasmen er han feig. Han berre skjømta. Augo er framleis like smale. Han ser liksom gjennom meg. Gjennomskodar meg! Her er eg komen for å tigge. For å bryte ned alt han har bygd opp med eigne hender. For å ta frå han det som han har retten til, og bruke opp noko som han kanskje kunne trenge ein dag. Og ikkje berre det: her er eg komen for å forsøple kulturen og språket hans, og kanskje førte eg også med meg ein sjeldan smittsam sjukdom! Medvite! Berre for å øydeleggje.

Ha, ha, ha, serbr? Ja, det er vel berre gærningar der, ha, ha, ha? Han pratar vidare om eit eller anna, om austblokk-landa, der er det ille, Romania, Dubrovnik, han hugsar ikkje akkurat, der er dei så

gjerne at han ikkje klarar å gripe det, religionskrig, det veit han, og gudskjelov at NATO gjorde noko. Gjorde noko?

Eg tek meg sjølv i å bli ståande heilt stille ein augneblink og stire i gliset. Gjennom gliset. Rett opp i munnhola. Gjennom svelget. Ned i magesekken, tarmene, ut gjennom samtalepartnarens anus. Rett ut i samtalepartnarens grenselause tomrom. Eg konsentrerer meg for å vende fokus tilbake til samtalen. Kva var det vi tala om? Han smiler framleis. Og så kjem det igjen. Eg klarar ikkje å stå imot. Fantasien følgjer leppene hans, litt for smale og flate, i munnvika ei oppsamling av spytt, så vilt synleg. Leppene og tennene vrir seg og held fram nedover andletet. Han ser ut som eit villsvin! Hei, villsvin, tenkjer eg, fy fader, så stygg du er! Hm, hm, hm, ler eg også anstendig, ja, jaj er særbr.

Er du serbar?!

Jøss!

Ho rykkjer eit steg tilbake og ser forskremd på meg nokre sekund. Sjukepleiaren i slutten av førtiåra, med store, fuktige grøne augo. Brått blir ho merksam på kroppsspråket sitt. Kanskje ho skammar seg ein augneblink og prøver å kamuflere at ho skvatt ved å strekkje seg og flytte tyngdepunktet frå det eine beinet til det andre.

Men ho held på avstanden. Litt uviss held ho fram med samtalen. Som dei aller fleste fortel ho om alt ho ikkje veit om krigen på Balkan. Som om det er det einaste på Balkan ein kan vere uvitande om. Ho spør ikkje om å få vite noko heller. Ho berre konstaterer. Deretter gjer ho jobben sin. Ho er varsam med meg. Stikk nåla i blodåra og trer på eit reagensrør.

I byrjinga, da eg kom til Oslo, brukte eg å få ei merkeleg kjensle av skam. Merkeleg, av di eg aldri har kjent skam før. Skam, av di eg er fødd i eit uverdigg land. Eit land så uverdigg at svært få veit noko om det, jamvel om det er i Europa. Bortsett frå at dei drep, valdtek og brenner dei kristne. Dei ortodokse jævlane! Eller var dei muslimar? Og dop sel dei òg. Frå Russland. Saman med kosovo-albanarane. Snakkar eg òg kosovoalbansk, kanskje? Eg føler skam over at eg føler skam og blir lei meg. Oppgitt. Letargisk. Kva kunne eg ha gjort? Kunne eg ha stoppa dei av landsmennene mine som blei dyriske og som eg ikkje kjenner? Ingen av dei eg kjenner, drep, valdtek eller høg ned muslimar. Dei eg kjenner, har nok vorte fanga om natta av den lokale mobiliseringsmakta vår, når bydelen deira stod for tur. Somme er komne tilbake, som galningar, andre forsvann. Mange har drukna i depresjon og konstruert eit vasstett verdsbilete der Satan har overteke makta på Jorda og konspirerer med CIA,

jødane og frimurarane, og alt dette har berre med karma å gjere. Enda fleire har vorte narkomane. Etter 1991 pusha politiet heroin av di det er så mykje lettare å halde styr på neddopa ungdomar. Lønsamt er det òg, og våpen kostar pengar. Dei av oss som har englevakt, har klart å klore oss fast til eit smothol i lovverket i eit eller anna land - svært få land har slikt lovverk - og har fått opphaldsløyve. Løyve til å opphalde oss i livet. Sjølv sagt er eg religiøs!

Deretter kjem assimileringshelvetet. Fordi serbarar er aggressive og eksjugoslavlar skumle, er det alltid ein viss risiko å leige ut husvære til dei. Kanskje nokon annan kan gjere det? Dersom du kjenner nokon som vil garantere for deg, kan det gå bra. Eller du treffer på ein sosialantropolog. Pengar får du som regel tene først når du har meistra total identitetsforkledning og godteke at arbeidet ditt har eit anna verde enn arbeidet til dei andre. Du må godta at du ikkje får gjere det du er forferdeleg flink til, flinkare enn mange andre, original faktisk; og utdanninga di veit vi svært lite om. Derfor kan vi ikkje berre godta at du kan det du gjer. Og ideane dine er vi ikkje vane med her. I Noreg gjer vi det slik. Slik er vi vane med det. Vi er ikkje vane med uvante idear. Og kom ikkje hit frå Serbia for å fortelje oss korleis dette kan gjerast! I Serbia er det jo berre gærningar! Raud bok

på Posten kan du alltså opne. Heldigvis. Lån i banken får du ikkje. Ikkje i noko høve. Kanskje etter tjuve år. Når du har papira i orden, kan du søkje om å få opne konto. Så skal vi vurdere det.

Når du så er flat som eit flatbrød, apatisk og blodfattig, og går til legen for å få håp, skvett sjukepleiaren forskrekt og vel ein låg profil for ikkje å provosere deg. Etter kvart slutta eg å vere lei meg. Eg vart berre veldig sint. Eg kjende kribling i bakhovudet og oppover langs øyro. Eg tenkte: hei, du uopplyste bondekjerring! Har du nokon gong reist med rutefly? Og kor lenge er det sidan du tenkte ein nye tanke?

No, etter åtte år i Oslo, har eg inga kjensler omkring dette emnet. Eg tenkjer berre: charterfly, Ving er betre enn Star Tour. Dei er trass i alt skandinaviske. Ti kroner for drinkar som inneheld alkohol. Sørgjeleg at ein må opne dei der og da. På fødselsdagen i nittisju såg du ein kabaret. Ny tanke tenkt ... eg kikar inn i dei grønne augo hennar som flyt i tårevæske. Eigentleg er dei ganske pene. Litt triste, faktisk. Ny tanke har ho aldri tenkt, tenkjer eg. Billeg trøyst.

Jugoslavia var samansett av seks republikkar. Fire av dei ville ut av føderasjonen utan å betale fellesgjelden til Amerika. Minoritetane ville ut av republikane som

dei plutselig ikkje høyrde heime i. Derfor vart det krig. Religionskrig my ass! Sirkulært våpensal, narkotikahandel, sal av stolne luksusbilar og den psykotiske illusjonen om fridom og potens som maskinpistolen gir ein.



Eg kjem frå eit land som ikkje finst lenger. Eg er fødd og oppvaksen i det frodige Jugoslavia, og der frotsa eg i frukt, vår og varm vår tidleg på året.

Her i Oslo er eg ein eksjugoslav. Vil det seie at eg ikkje er jugoslav lenger? Kva er eg da? Det er farleg å vere serbar. Og språket mitt? Er det ikkje eit språk lenger? Dei døde ekskjærastane mine, da? Døde ekskjærastar i eit eksland må da, logisk sett, på grunn av dobbel-negasjonen, bli til levande kjærastar i eit land som finst! Det må jo det! Logisk sett ...?!

Og når chartersjukepleiaren i slutten av førtiåra, med fuktige, grønne, litt triste augo, ved avskjeden har tenkt seg om og med mild røyst seier blidt: "Ja men du, er du ikkje heldig som får vere her, da?" - da tenkjer eg: Å ja, det er eg.

Anastasia Larvoll

(Til nynorsk ved Leif Mæhle)



DIPLOMOPPGÅVA TIL LARS ERIK HOLTER

Med oppsetjinga av *Beogradtrilogien* gjennomfører Lars Erik Holter diplomoppgåva si som sceneinstruktør, etter tre års utdanning. Lars Erik Holter tilhører det andre kullet på instruktørutdanninga ved Statens teaterhøgskole. Denne utdanninga nyt godt av at dei statsstøtta teatra tilbyr dei nyutdanna instruktørane våre eit tvers igjennom profesjonelt opplegg for den første profesjonelle oppgåva. For Teaterhøgskolen betyr denne velviljen frå teatra si side at vi til ein viss grad kan gi ein kompensasjon for det manglande fjerde året i grunntutdanninga, som vi lenge har kravd både for skodespelarar og instruktørar. For teatra vonar vi dette inneber at dei lærer nye instruktørar å kjenne, instruktørar som dei kan presentere for sitt publikum. Gjennom fagleg oppfølging i eit opplegg som er avtala mellom teatra og skolen, blir diplomoppgåva for mange ei bru frå student til yrkesutøvar. Diplomoppgåva er siste fasen i eit lengre samarbeid med verts-teatra, som gjennom alle dei tre åra også fungerer som såkalla «fadder-teater». Instruktørstudentane har gjennom ulike faglege opplegg kontakt med teatra i dei tre åra på skolen. Dette er ei ordning som vi vonar kan utviklast vidare og kan vere til gjensidig nytte.

Utdanninga av sceneinstruktørar er ei ung utdanning i Noreg. Første kullet vart teke inn i 1979, og ettersom det berre blir uteksaminert tre-fire instruktørar kvart tredje år, vil det seie at med kullet i år har 23 instruktørar gått ut frå Teaterhøgskolen. Dei fleste av desse har funne sin plass i det norske teaterlandskapet. Dei sikrar eit jamt tilsig av friskt blod til scenekunsten.

Lars Erik Holter har gått ein lang veg før han no fullfører diplomoppgåva si. Han har òg gått skodespelarlina på Teaterhøgskolen, og han har hatt ein kort karriere som skodespelar før han byrja på instruktørutdanninga. Han burde derfor vere godt skodd for oppgåva denne kvelden, og vi vonar at dette berre er det første i ei lang rad lykkelege møte mellom han og publikum.

Vi takkar Det Norske Teatret for godt samarbeid, og ønskjer han lykke til, både med *Beogradtrilogien* og med komande oppsetjingar.

Kunsthøgskolen i Oslo
Statens teaterhøgskole

Bernhard Ramstad
dekan



Morten Krogh
lineleiar

Lars Erik Holter er frå Nes i Hedmark, og er fødd 15.05.1965. Innimellom gravemaskinkøyring og restaurantarbeid jobba han både som skodespelar og sceneteknikar ved Hedmark teater i åra 1987-91. Mellom anna spela han rolla som grisen i den norske urpremieren av monologen til franskmannen Raymond Cousse - «Skinkestrategien», som var sett opp i 1990.

Etter tre år på Statens teaterhøgskole, skodespelarlina, vart han i 1995 engasjert ved Nationaltheatret; der jobba han i to år. I 1996 vart han tildelt Norsk Teaterlederforums pris, som ein av dei unge lovande skodespelarane dette året. Det var særleg tolkinga hans av rolla Helmut i Andreas Markussons komedie «Lykkeland» som låg til grunn for denne avgjerda.

Lars Erik Holter var òg innom Oslo Nye Teater før han i januar 1998 sette seg på skolebenken igjen, denne gongen ved regilina ved Statens teaterhøgskole. Som eit samarbeid mellom skolen og Det Norske Teatret presenterer vi no diplomoppgåva hans: «Beogradtrilogien» av Biljana Srbljanovic.

LOS ANGELES, 31.12



HOVUDFAGOPPGÅVE TIL BÅRD LIE THORBJØRNSEN

Scenografien til *Beogradtrilogien* er Bård Lie Thorbjørnsens si andre av tre oppsetjingar som kjem inn under hans hovudfagoppgåve. Den første var *Glassmenasjeriet* på Teaterhøgskolen si scene i fjor. Den tredje blir *Mutter Courage* på Trøndelag Teater med premiere i september 2001. Begge desse stykka er i samarbeid med registudenten Tyra Tønnesen, medan *Beogradtrilogien* er i samarbeid med Lars Erik Holter. Etter ei treårig grunnutdanning på IIM, starta Bård hovudfagarbeidet sitt hausten 2000.

Noreg har inga fullverdig etablert scenografutdanning på høgskoleplan. Derimot har både Teaterhøgskolen og vårt institutt delfag som saman kunne bli eit spennande samla utdanningstilbod til dei som ønskjer å utdanne seg som scenograf – først og fremst innanfor teater og film.

Bård har i tillegg til våre instituttfag, som mellom anna omfattar rom (-oppleving og forståing) form, farge, lys, materiale, produktutvikling, konstruksjon, teknisk fagteikning og modellbygging, følgt kurs og seminar ved andre utdanningsinstitusjonar. I den obligatoriske praksistida hans var han scenografiassistent hos Erland Birkeland. Under arbeidet med eigne scenografioppgåver har han skifta mellom sjølvstendig prosjekteringsarbeid og modellbygging, og aktivt gruppesamarbeid med dei andre impliserte i oppsetjingane.

Den teoretiske delen av hovudfagoppgåva vil truleg bli forma som ei eignevaluering av dei tre scenografiarbeida sett i forhold til eigen fagleg bakgrunn. Kanskje vil den teoretiske delen bli eit viktig innlegg i debatten om ei eiga scenografutdanning på høgskolen. Bård sin eksterne hovudrettleiar er scenograf Helge Hoff Monsen. Andre rettleiarar er lærarar ved instituttet. IIM takkar Det Norske Teatret for positiv støtte til hovudfagstudenten vår. Vi vonar at Bård med dette har opna ein port for andre samarbeidsoppgåver i framtida.

Med Bård sin appetitt på teater, hans faglege kunnskapstørst og hans opneinnstilling til nytanking og fagleg utvikling i arbeidet med HF-oppgåva, trur vi at norsk teater har noko spennande å sjå fram til. Lykke til med dagens oppsetjing. Lykke til med framtida sine utfordringar i samarbeidsprosjekt med ungdom i sentrum.

Anne Helmer Alnæs
professor IIM

Bård Lie Thorbjørnsen
er frå Tønsberg
og er fødd 22.10.1967.

Han gjer med scenografien på «Beogradtrilogien» si hovudfagoppgåve ved Statens handverks- og kunstindustriskole, Institutt for interiorarkitektur og møbeldesign. Han har i tillegg utdanning frå Universitetet i Bergen og Lærerhøgskolen i Oslo. Han har òg hospitert ved Institutt for Tegnning og Institutt for Rader/Litho.

Tidlegare har han vore assistent for scenograf Erlend Birkeland under produksjonen «Et deilig sted» på Nationaltheatret (1999) og hatt scenografien på «Glassmenasjeriet» av Tennessee Williams på Statens teaterhøgskole.

Thorbjørnsen var sivilarbeidar hos Tegneforbundet Galleri og har seinare hatt diverse illustrasjonsarbeid og ein del oppdrag både som teiknar, møbelsnekkar og designar. Mellom anna utvikla og designa han brettspellet «Sokrates - Eit spel om filosofi» som blei utgjeve på Aschehoug i 1997. Sidan 1997 har han arbeidd med måling og teikning i eige atelier.



BILJANA SRBLJANOVIC

Fødd 1970 i Beograd.

Studerte dramaturgi og teatervitskap ved Akademiet for dei dramatiske kunstene i Beograd, og er sidan 1997 tilsett som lærar der.

I 1997 vart stykket hennar *Beogradtrilogien* oppført i Beograd. Same året vart denne oppsetjinga vist med stor suksess på Biennalen i Bonn.

I 1998 hadde det neste stykket hennar, *Familiehistorier Beograd*, urpremiere på Beograds Teater Atellier 212. Det vart heidra som det beste stykket på teater-stemnet i Novi Sad.

Den første tyske oppsetjinga av dette stykket kom same året på Deutsches Schauspielhaus i Hamburg. Seinare kom det fleire oppsetjingar - i Berlin, München, Frankfurt av Main, Wien, Kassel, Leipzig, Schwerin, Münster, Frankfurt am Oder, Mannheim, Stockholm, Oslo, København ...

I 1999 kom *Beogradtrilogien* på tysk i Essen, deretter i Berlin, Hamburg Wien, Helsingfors, Zürich, Oslo ...



Ei verd av moglegheiter

I Fokus Bank kan du velje frå eit breitt utval norske og internasjonale fond frå Firstnordic. Rådgevarane våre blir kontinuerleg oppdaterte på kva som skjer i marknaden, og som ein del av Danske Bank, har vi tilgang til avanserte analyseverktøy. Med støtte i konsernets omfattande kompetanse, får du konkrete råd, både når det gjeld fond og enkeltaksjar.

Ta kontakt - hos oss får du klare råd.

Firstnordic Fondene

Fokus Bank

del av Danske Bank



Depotbiblioteket



01sd 32 490

det norske teatret

www.detnorsketeatret.no